

Mandat for Medisinsk fagleg utval

Bakgrunn :

Det er i Overordna samarbeidsavtale semje om å etablere to underutval i 2012, eit av desse er medisinsk fagleg utval.

I Overordna samarbeidsavtale står det følgjande om Medisinsk fagleg utval:

«Føremål: Skal skape sams forståing for praksis. Vere eit dialogutval for utvikling av medisinske tenester.»

«Organisering: Utvalet skal ha like mange legar frå spesialist- og kommunehelsetenesta. Helse Bergen og Bergen kommune skal alltid vere representert. Dei 4 overordna samarbeidsutvala skal gje nærmare føringar om oppgåver og organisering av utvalet i eit eige mandat. Utvalet får saker frå - og gir fråsegn til - kommunane og helseføretaket via dei overordna samarbeidsutvala.»

Samarbeidssekretariatet utarbeidde sak til samarbeidsutvala vedrørande mandat og samansetjing av utvala. Samarbeidssekretariatet hadde fått innspel frå partane og hadde utkastet til uttale hjå arbeidsgruppa som utarbeidde forslag til overordna samarbeidsavtale.

Mandat:

Føremål:

Utvalet skal:

- ha spesielt fokus på å ivareta intensjonane i samhandlingsreforma.
- skapa sams forståing for praksis, mellom anna av kva partane kan forventa av kvarandre.
- vera eit dialogutval for utvikling av medisinske tenester, slik at partane saman fagleg kan bli betre til det beste for pasienten

Oppgåver:

Utvalet skal:

- bidra til god dialog mellom samarbeidspartnarane kunna gje uttale av medisinsk fagleg karakter i aktuelle saker (ikkje einskildpasientsaker)
- kunne ta opp problemstillingar som ein ut frå eigen kjennskap/praksis meiner er av meir systemisk karakter og som det er behov for avklaring av.

Samansetjing av utvalet

Det må sikrast at organet har ei solid forankring både i kommunane og sjukehusa, og at det er medisinsk faglig kompetanse med god fagleg breidde. Representasjonen er knytt til funksjon, og ein deltek i utgangspunktet for to år av gongen. Det skal vera vararepresentasjon.

Samansetjing av utvalet:

Bergen kommune 2

Nordhordland 1

Voss 1

Bergensregionen 1

Helse Bergen 4

Haraldsplass 1

Utvalet konstituerer seg sjølv i møte. Kommunane og spesialisthelsetenesta har leiar annan kvart år. Representant frå SSE er sekretariat for utvalet og har ansvar for utarbeiding av sakliste og referat. Den part som melder sak inn til utvalet har ansvar for å førebu sak i samarbeid med utvalet sin leiar og sekretariat. Spesialisthelsetenesta vil nytte den kompetanse praksiskonsulentane (PKO) innehar i aktuelle saker. Utvalet v/ leiar kan invitere representant frå PKO til møta ved behov. Utvalet skal i utgangspunktet møtast minst to gonger i halvåret. Mandat kan endrast som ein del av årleg gjennomgang av avtaleverket. Utvalet utarbeider årleg oppsummering av sine viktigaste saker til Samarbeidsutvala.

